

## *Cryptocline taxicola*

Venche Talgø, Kari Ørstad og Arne Stensvand, Planteforsk Plantevernet

venche.talگو@planteforsk.no

### Samandrag

I 2001 vart det funne ein ny soppssjukdom på barlind (*Taxus baccata*) i parken ved Norges Landbrukshøgskole (NLH). Soppen er identifisert til *Cryptocline taxicola*.

### Summary

The fungus *Cryptocline taxicola* was found for the first time in Norway on English yew (*Taxus baccata*) in 2001.

### Vertplante

I 2001 vart soppen *Cryptocline taxicola* funnen for fyrste gong i Noreg på barlind (*Taxus baccata*). Soppen vart funnen i parken ved Norges Landbrukshøgskole (NLH). Fig. 1 syner ein del av hekken der soppen vart funnen i 2001, men skadane her skuldast også angrep av andre soppar (sjå Tiltak). Nye prøvar hausten 2003 syner at *Cryptocline taxicola* framleis er til stades på denne hekken.



Fig. 1. Skade på barlind (*Taxus baccata*) i parken ved Norges landbrukshøgskole i 2001. Analyse av baret resulterte i tre ulike soppar; *Cryptocline taxicola*, *Phomopsis* sp. og *Pestalotiopsis* sp.  
Foto: V. Talgø

### Symptom

Soppen angrip årsskot og dannar sporehus (acervuli) på begge sider av nålene. Ein kan sjå sjukdomen (sporehus) på relativt grøne nåler, men dei vert etter kvart brune (Fig. 2). Når ein legg infisert bar nokre dagar i fuktammer (100 % relativ luftfukt) ved romtemperatur, vil det veksa fram sporehus,

og overhuda (epidermis) på nålene vil då sprekkja opp. Sporane kjem til syne som ein kremfarga masse som tyt ut frå sporehusa (Fig. 3). På tørre nåler ser sporehusa mørke og innsokne ut.

### Biologi

Soppsporane vert produserte i fuktig vår og spreidde med vasssprut og vind. Sidan angrepa skjer på nåler på årsskot, er det rimelig å tru at smitten skjer om våren når dei nye nålene er mjuke og under utvikling.

### Tiltak

På NLH var skadane på barlind mykje meir omfattande i 2001 enn i 2003, men det kan også tilskrivast at det den gongen vart funne to andre soppar i tillegg til *Cryptocline taxicola*, nemleg *Phomopsis* sp. og *Pestalotiopsis* sp. Særleg *Phomopsis* sp. er ein kjent skadegjerar på ulike bartre og andre treaktige vekstar (sjå Grønn kunnskap e 7(101A):1-4). *Pestalotiopsis* sp. er også svært vanleg på mange ulike vekstar, men vert ikkje rekna som så parasittær som *Phomopsis* sp. I tillegg til sopp-angrepa, var vinteren 2000/2001 uvanleg hard. Frå Tyskland vart det i 2001 rapportert at denne soppen har vorte meir vanleg dei siste åra. Dei meiner også at *Cryptocline taxicola* ser ut til å vera relativt parasittær (angrip grøne nåler), og at vidare undersøkingar vil visa om denne sjukdomen gjer meir skade enn ein tidlegare trudde. Soppen er også funnen i Canada på *Taxus brevifolia*. Frå Canada er det ikkje rapportert noko om skadeomfang, men også der er det funne sporehus på grøne nåler. Ingen tiltak er tilrådde i det vesle som er av

litteratur om denne soppen, men truleg er det viktig å fjerna bar som har angrep, for å få ned smittepresset. I januar 2004 skal det utførast smitteforsøk med *Cryptocline taxicola* på *Taxus baccata* ved Planteforsk Plantevernet.



Fig. 1. Barlind (*Taxus baccata*) med angrep av soppen *Cryptocline taxicola*. Dei brune nålene er fulle av små, svarte sporehus. Prøven er tatt ut i NLH-parken hausten 2003. Foto: E. Fløistad



Fig. 2. Sporehus og sporemasse av soppen *Cryptocline taxicola* på brun nål av barlind. NLH-parken 2003. Foto: E. Fløistad

**Prosjekttittel:** Kartlegging og bekjemping av skadegjerarar i klyppegrønt- og juletreproduksjonen (2001-2003)

**Finansiering:** SND, NGF, eigeninnsats

**Styringsgruppe:**

Harald Rømuld (prosjektansvarleg), Norsk Pyntegrønt

Inger Hilmersen, Norsk Gartnerforbund

Tønnes Straum, produsent

Terje Pundsnes (leiar for styringsgruppa), Pyntegrøntringen

Morten N. Andersen, Skogselskapet

Arne Stensvand (fagleg ansvarleg) og Venche Talgø, Planteforsk Plantevernet



Kjem som vedlegg til Norsk Pyntegrønt i 2004